

Til ordførarane og rådmennene i kommunane:
Fyresdal, Kviteseid, Nissedal,
Seljord, Tokke og Vinje.

16. april 2015

Innkalling til ekstra rådsmøte

Stad:	**Morgedal Hotell**
Dato:	**Fredag 24. april 2015**
Kl. slett:	**09.00 - 12.00** (avslutning med lunsj)

Etter avtale blir det kalla inn til ekstra rådsmøte til tid og stad som nemnt ovanfor.

Med utgangspunkt i sak på forrige rådsmøte omkring finansiering av framtidige næringshagar, skal Rådet handsame sak omkring mogleg disponering av grunnfondsmidlar.

Det ligg vidare føre utkast til søknad om midlar frå byregionprogrammet (ByR).

På møtet vil ein også drøfte nærare omkring sakene Rådet ynskjer å ta opp med Telemarksbenken på Stortinget i det avtalte møtet 13. mai.

Avslutningsvis vil Vest-Telemarkrådet få nærare orientering frå arbeidet i samband med det foreslåtte forprosjektet gjeldande kommunereformen.

Vi ynskjer vel møtt på Morgedal Hotell

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Jon Svartdal (sign)
Regionordførar

Kjell Gunnar Heggenes
Regionrådsleiar

Mobil: 415 52 775
E-post: kgh@vest-telemark.no
Web: www.vest-telemark.no
Bank: 2660.65.03724
Adresse: Kviteseidgata 18
3850 KVITESEID

Sakliste til ekstra rådsmøte 24. april 2015

Sak 14/2015 Referat frå rådsmøte 17. mars 2015

Sak 15/2015 Disponering av grunnfondsmidlar

Sak 16/2015 Søknad til Byregionprogrammet

Sak 17/2015 Saker til møtet med Telemarksbenken 13. mai

Sak 18/2015 Kommunereformen, status og vidare arbeid

Sak 19/2015 Ymse

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 17. mars 2015.

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Arne Vinje, Siw Berve, Kari-Gro Espeland, Øystein Tveit, Brit Houge, Jan Myrekrok, Ketil Kiland, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes. Frå Fylkesmannen møtte Per Dehli.

Møtet vart halde på Kvitsund Gymnas der Vest-Telemarkrådet innleiingsvis fekk omvisning og nærare orientering om skulen ved rektor Torleif Belck Olsen.

Innnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 07/2015 Referat frå rådsmøte 11. februar 2015.
Vedtak: Referat frå rådsmøte 11. februar 2015 vart samrøystes godkjent.

Sak 08/2015 Rapportering om prosjektet "Betre læring for alle". v/Sissel Bronken
Prosjektleiar Sissel Bronken var tilstades og orienterte nærare om prosjektet. Med utgangspunkt i prosjektplanen kunne Sissel vise til at det er oppnådd svært gode resultat i prosjektet. Mellom anna er andelen tilmeldingar til PP-tenesta no nede i 6,5 %.
Vest-Telemarkrådet har prioritert 1, 5 mill kroner i form av skjønnsmidlar til dette prosjektet for åra 2013/2014, noko som altså har vist seg å vera god bruk av midlane.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 09/2015 Forslag til årsmelding og årsrekneskap 2014 Vest-Telemarkrådet.
Det låg føre forslag til årsmelding og årsrekneskap 2014 for Vest-Telemarkrådet.
Ole Dalen gjekk nærare gjennom innhaldet i forslaget.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2014 med tanke på endeleg handsaming i Vest-Telemarktinget i april.

Sak 10/2015 Kommunereformen, status og vegen vidare.
Det låg føre ei oppsummering av prosessen omkring kommunereformen så langt, herunder oversikt over vedtaka i dei enkelte kommunane. I tråd med vedtaka skal saken om eit mogleg forprosjekt opp til ny handsaming, og kommunestyremøta vil finne stad i perioden mars - mai.
Det er lyst ut tilbodskonkurranse der Vest-Telemarkrådet ynskjer å knyte til seg eit rådgjevingsmiljø med høg kompetanse og erfaring i høve til kommunereformen. Konkurransen er lyst ut med atterhald om at kommunane gjer vedtak om at det føreslegne forprosjektet skal gjennomførast.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 11/2015 Utgreiinga av vegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet.
I rådsmøtet 11. februar låg det føre ei utgreiing omkring vegsambanda aust/vest utarbeidd av Statens vegvesen. Utgreiinga foreslår å satse på 2 korridorar over fjellet, der E134 over Haukelifjell skal ha høgast prioritet. På møtet 11. februar fekk regionrådsleiar i oppdrag å lage forslag til uttale med tanke på handsaming i neste rådsmøte. Slikt forslag låg føre til rådsmøtet 17. februar.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale gjeldande utgreiinga om vegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet.

Sak 12/2015 Finansiering av framtidige næringshagar - brev frå VTN.
I notat av 13. februar gjer Vest-Telemark Næringsbygg greie for investeringar selskapet har gjort, eller gjeve tilsagn om, i høve til etablering av næringshagar i regionen.
Selskapet har medverka til etablering av næringshagane i Kviteseid og Fyresdal og det er skissert interessante næringshageprosjekt både i Tokke og Seljord. Også Vinje og Nissedal har teke kontakt med tanke på å realisere næringshagar i sine kommunar.
Vest-Telemark Næringsbygg har bidrege med kapital til utbyggingane, og har så langt teke opp banklån i storleik 9 mill kroner. Iflg. notatet ser selskapet det som uråd å få auka banklån til vidare utbygging av næringshagar . Selskapet vender seg no til Vest-Telemarkrådet i form av eit notat der det vert skissert 2 alternative forslag for innhenting av kapital:
a) Ei mogleg aksjeutviding retta mot eksisterande og nye aksjonærar
b) Lån av Grunnfondets midlar.
Det låg føre tilråding med forslag om å greie ut saken for vidare handsaming i eit seinare møte.
Av drøftingane gjekk det imidlertid fram at Tokke kommune ynskjer ei raskare avgjerd ut frå at kommunestyret alt i april skal handsame mogleg utbygging av næringshage på Dalen.
Det vart gjort slikt vedtak:
Vest-Telemarkrådet ser det som viktig at det vert bygd næringshagar i dei ulike kommunane.
Spørsmål om mogleg utlån av grunnfondsmidlar er av stor prinsipiell betydning.
Vest-Telemarkrådet ynskjer å få dette nærare belyst med tanke på kva reglar som skal gjelde mellom partane ved eit mogleg utlån. Vidare må spørsmålet om utlån setjast opp mot mogleg annan disponering av grunnfondsmidlane.
For å gjera ei nærare utgreiing i saken vert det sett ned ei arbeidsgruppe bestående av:
Jon Svartdal, Erik Skjervagen, Brit Houge, Øystein Tveit, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.
I samband med mogleg fråvær vert Halvor Homme valt som vara for Erik Skjervagen
Ut frå kravet til rask framdrift vert møte i arbeidsgruppa fastsett til torsdag 26. mars kl 09.00 i Kviteseid.

Sak 13/2015 Orienteringssaker/ymse.
Stad og tema for komande møte i Vest-Telemarktinget 28. april.
Administrasjonen la fram forslag om at komande møte i Tinget vert lagt til næringshagen i Fyresdal med tanke på informasjon og omvisning.
Ein vil invitere Lars Torstein Momrak og mogleg andre frå Vest-Telemark vidaregåande skule for nærare drøftingar rundt aktuelle studietilbod på Dalen og i Seljord.
Det er også aktuelt å legge eit mogleg møte med LVK-leiar Torfinn Opheim til møtet i Tinget, men dette er ikkje avklart enno. Møtestart vert kl 10.00.

LVK sitt eigedomsskatte-utval
Gry Wienenga og Olav Bjørn Bakken sit i utvalet som representantar frå Telemark.
Vest-Telemarkrådet vil støtte forslag om attval av desse 2.

Høyring "Regional plan for oppvekst og kompetanse.
Regionrådsleiar får i oppdrag å "skumme" gjennom høyringsutkastet for å finne ut om det er aktuelt å gje uttale. Høyringsfristen er sett til 17. april 2015.

Val av styrerepr til selskap eigd av kommunane.
Brit Houge orienterte om rådmennenes oppdrag som valkomite for PPT og Brannvernsamarbeidet.
VTN/VTNU er også på denne lista, men har i tillegg ei eiga valnemnd.
AU har tilsvarande rolle som valkomite for Renovest og Vest-Telemark Kraftlag
Vest-Telemarkrådet peikar på at ein i dette arbeidet også må vurdere godtgjerslene for dei ulike verva.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes

Sak 15/2015 Disponering av grunnfondsmidlar

Bakgrunn.
I møte i 17. mars 2015 handsama Vest-Telemarkrådet sak omkring finansiering av framtidige næringshagar, herunder mogleg bruk at grunnfondsmidlane.
Saken kom opp på bakgrunn av eit notat frå Vest-Telemark Næringsbygg der det går fram at selskapet ikkje har midlar til å sette inn nye næringshage-prosjekt, og av den grunn vurderer andre kjelder for å skaffe kapital.
Vest-Telemark Næringsbygg skisserer i sitt notat 2 alternativ:
- *Aksjeutviding retta mot eksisterande og nye aksjonærar*
- *Lån av grunnfondsmidlar frå Vest-Telemarkrådet*

Etter nærare drøfting i møtet 17. mars gjorde Rådet slikt vedtak:
"Vest-Telemarkrådet ser det som viktig at det vert bygd næringshagar i dei ulike kommunane. Spørsmål om mogleg utlån av grunnfondsmidlar er av stor prinsipiell betydning.
Vest-Telemarkrådet ynskjer å få dette nærare belyst med tanke på kva reglar som skal gjelde mellom partane ved eit mogleg utlån. Vidare må spørsmålet om utlån setjast opp mot mogleg annan disponering av grunnfondsmidlane.
For å gjera ei nærare utgreiing i saken vert det sett ned ei arbeidsgruppe bestående av: Jon Svartdal, Erik Skjervagen, Brit Houge, Øystein Tveit, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes. I samband med mogleg fråvær vert Halvor Homme valt som vara for Erik Skjervagen. Ut frå kravet til rask framdrift vert møte i arbeidsgruppa fastsett til torsdag 26. mars kl 09.00 i Kviteseid."

I tråd med vedtaket heldt arbeidsgruppa møte 26. mars.
Til møtet låg det føre notat frå Telemark kommunerevisjon om at Vest-Telemarkrådet etter vedtektene ikkje har høve til å gå inn i Vest-Telemark Næringsbygg med investering eller lån på marknadsmessig grunnlag.
Vidare seier notatet at Rådet heller ikkje har høve til å gje økonomiske garantiar.
(Sjå vedlegg)

På denne bakgrunn drøfta arbeidsgruppa saken og kom fram til ei tilråding om å dele ut 1 mill. kroner til kvar av kommunane frå grunnfondet med vilkår om at midlane skal nyttast som aksjeinnskot i Vest-Telemark Næringsbygg.

Etter dette har kommunerevisjonen også kome med synspunkt i høve til kva organ som har mynde til å gjera vedtak i saken. Av e-post datert 26. mars (sjå vedlegg), går det fram at det er Tinget som har avgjerdsmynde, og at god eigarstyring tilseier at medlemmene av Tinget har avklart sine fullmakter med kommunestyret.
Vidare peikar kommunerevisjonen på at det ved så omfattande utbetaling frå Grunnfondet er naturleg å sjå hen til kva situasjonen ville vera ved ei mogleg oppløysing av Vest-Telemarkrådet. Ved oppløysing skal 50% av verdiane delast flatt, medan resten skal delast etter folketal i kommunane.
Ei flat utbetaling i tråd med forslaget frå arbeidsgruppa vil føre til at kommunane med lågast folketal får meir ut frå selskapet enn dei ville fått ved ei avvikling etter vedtektene § 4.

Kommunerevisjonen tilrår at Tinget tar stilling til om dei foreslåtte utbetalingane skal vera ei akonto-utbetaling for seinare avrekning etter § 4, eller om utbetalingane er endelege og utan verknad ved mogleg oppløysing av Vest-Telemarkrådet.

Avslutningsvis viser kommunerevisjonen til oppsummeringa i sitt notat av 23. mars, der det går fram at Vest-Telemarkrådet truleg har høve til å gje stønad etter gruppeunntak om regional investeringsstønad. Det kan vera tilhøve som må vurderast nærare i høve til dette, dersom kommunane ikkje investerer med mål om avkastning.

Sidan det er fleire prinsipielle spørsmål som melder seg i saken, har Vest-Telemarkrådet invitert Kirsti Torbjørnson, leiar for forvaltningsrevisjon i Telemark kommunerevisjon til rådsmøtet 24. april.

Forslag til vedtak:
Vest-Telemarkrådet rår Tinget til å gjera formelt vedtak om å utbetale grunnfondsmidlar med 1 mill kroner til kvar av dei 6 kommunane i regionen. Utbetalingane er endelege og uten verknad ved mogleg oppløysing av Vest-Telemarkrådet. Det er ein føresetnad for dei enkelte utbetalingane at midlane vert nytta til aksjeutviding i Vest-Telemark Næringsbygg.

Vest-Telemarkrådet
Fyresdal · Kviteseid · Nissedal · Seljord · Tokke · Vinje

Forslag frå Arbeidsgruppa 26. mars 2015

Økning av egenkapitalen til Vest-Telemark Næringsbygg AS vil gi den nødvendige kapitalen for å gjennomføre oppføring av næringshager i Vest-Telemark.

Dersom kommunane går inn med 1 million kvar, vil ein auke eigenkapitalen med 6 millionar.

Pengene til aksjekjøp vert løyvd frå Vest-Telemarkrådet, og takast frå grunnfondet som i dag er på 9,5 millionar.

Modellen under forklarer slik det er tenkt frå arbeidsgruppa:



Forkortelser:

VTR = Vest-Telemarkrådet
VTN = Vest-Telemark Næringsbygg AS



E-post av 26. mars 2015 frå Kirsti Torbjørnson Telemark Kommunerevisjon

Viser til telefonsamtale tidlegare i dag. Eg forstår deg slik at arbeidsgruppa går inn for at VTR skal dele ut 1 mill av grunnkapitalen til kvar kommune, med det vilkår at kommunen vil nyttar midlane til å investere i VTN, som aksjeinnskot. Dette kan til saman utgjere 6 mill kr, avhengig av kor mange av kommunane som vil gjere dette.

Vi har vurdert eit par spørsmål i tilknyting til dette:

1) **Kven som kan ta ei slik avgjerd**

   I følgje vedtektene har Rådet mynde innanfor arbeidsprogram og budsjett. Det er Tinget som godkjenner arbeidsprogram og budsjett, og som har mynde til å endre vedtektene for VTR. Den aktuelle utbetalinga er etter det eg forstår ikkje ein føresetnad for å ivareta oppgåver i arbeidsprogrammet, og det er heller ikkje budsjettert med ei slik utbetaling. Ei flat utbetaling vil ikkje vere i samsvar med føresetnadene for eigarskapet til verdiane i VTR, jf. vedtektene § 4. Etter vår vurdering er det såleis klart at Rådet ikkje har mynde til å avgjere ei slik sak. Spørsmålet om utbetaling må såleis i følgje vedtektene handsamast av Tinget. I samsvar med kommunelova § 6 og tilrådingar for god eigarstyring av selskap, bør representantane i Tinget har avklart sine fullmakter i saka med kommunestyret, som er eigarorganet i kommunen.

2) **Om utbetalingane skal avreknast ved ei framtidig oppløysing av selskapet, jf. vedtektene § 4**

   Ein kan få ein situasjon der nokre kommunar får ut 1 mill frå VTR, mens andre kommunar vel å ikkje ta imot utbetalinga. Den aktuelle utbetalinga frå grunnfondet er dessutan så stor, at det er naturlig å sjå hen til kva som ville vere situasjonen ved ei oppløysing av VTR. Ved oppløysing skal 50% av verdiane som er att i selskapet delast flatt, mens resten skal delast etter folketal i kommunane. Ei flat utbetaling som foreslått vil føre til at kommunane med lite folketal får meir ut frå selskapet enn dei ville fått ved avvikling etter vedtektene § 4. Vi vil difor tilrå at Tinget tar stilling til om dette skal vere i akonto-utbetaling for seinare avrekning etter § 4, eller om utbetalingane er endelege og utan verknad ved eventuell oppløysing av selskapet.

Om kvar kommune investerer på forretningsmessig grunnlag eller som offentleg støtte har vi ikkje vurdert. Det kan vere forhold som må vurderast nærare i forhold til gruppeunntaket, dersom kommunen ikkje investerer med mål om avkastning, jf. notatet.

Med vennlig hilsen
Kirsti Torbjørnson
Telemark kommunerevisjon IKS
leder for forvaltningsrevisjon
Tlf / Mob: 35917045 / 98606224
www.tekomrev.no

TELEMARK KOMMUNEREVISJON IKS	**Kundenr.:** 608000	**Arkiv/journalnr:** 15/565/608000/tork
		Dato: 23.3.2015 **Sign**
Kunde: **Vest-Telemark rådet**		
Oppdrag: Spørsmål om låneopptak		

Vi viser til epost frå Vest-Telemark rådet v/ Heggenes, 23.3.15.

Problemstillingar

Vi bygger på framstilling i epost og saksdokument frå VTR. Vi oppfattar at oppdraget er å vurdere dei skisserte alternativa mot reglar som kan gi grenser/rammer for VTR sitt handlingsrom i ei slik sak. Vi har såleis ikkje vurdert om det er politisk og strategisk ynskjeleg for VTR å låne ut midlar til VTN.

Slik vi ser det, er det relevant å vurdere tilskott/garanti/långiving/investering i høve til følgjande reglar:

1) Vedtektene for VTR
2) Kommunelova § 51
3) Reglane om offentleg støtte

1 Marknadsmessige tiltak – høvet til vedtektene for VTR

Vest-Telemarkrådet er eit ansvarlig selskap, eigd av kommunane i Vest-Telemark, og organisert som sjølvstendig rettssubjekt etter kommunelova § 27. Vedtektene er styrande for selskapet. Vedtektene kan endrast med 2/3 fleirtal.

VTR har ikkje høve til å ta opp lån eller på annan måte pådra eigarane økonomiske plikter, jf. kommunelova § 27 og vedtektene pkt. 14. Ved oppløysing av selskapet skal verdiane i tilbakeførast til eigarkommunane i same forhold som det vart gjort innbetaling, jf. vedtektene pkt. 4. Tinget har mynde til å godkjenne arbeidsprogram og budsjett og vedta endringar i vedtektene. Representantane frå kvar kommune har den mynde på Tinget som kvart kommunestyre har gitt dei gjennom særskilt vedtak eller økonomiplan.

Vest-Telemarkrådet er eit regionråd. Regionråd er interkommunale politiske samarbeidsorgan mellom nabokommunar i eit distrikt eller avgrensa geografisk område. Det går fram av vedtektene for VTR at formålet er å vere eit samarbeidsorgan for dei deltakande kommunane på alle område og alle plan, og at VTR skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål om oppgåver for eigarkommunane.

Marknadsmessig långiving eller investering er såleis ikkje i kjerneområdet for VTR sine aktivitetar, slik formålet er formulert i vedtektene. Etter vår vurdering bør vedtektene endrast dersom VTR skal investere eller gi lån på marknadsmessige vilkår.

Dersom VTR skal støtte tiltaka som VTN planlegg på annan måte enn som marknadsmessig långivar eller investor, kan ein kanskje argumentere for at utvikling av eigedom for næringsverksemd i regionen er «løysing av felles spørsmål om oppgåver for eigarkommunane». Støtte må i så fall ytast i samsvar med reglane om offentleg støtte, sjå nedanfor.

2 Kommunelova § 51

VTR er omfatta av kommunelova § 51, som set forbod mot at kommunar kan gi garantiar til næringsverksemd som blir utøvd av andre enn kommunen. VTN driv utleige av eigedom. Vi legg til grunn at det er næringsverksemd. Selskapet har også private eigarar. VTR har såleis ikkje høve til å stille garanti eller kausjon for verksemda til VTN.

3 Offentleg støtte

Forbod mot offentleg støtte er regulert i EØS-avtalen art. 61 (1) og er vedtatt i Norge gjennom EØS-lova. Som offentleg støtte reknast ein kvar økonomisk fordel gitt av offentlege midlar, dersom mottakar driv økonomisk aktivitet, og støtta er eigna til å true konkurransen. Det er gjennomgåande ikkje høve til å gi offentleg støtte til verksemder som er i økonomiske vanskar.

VTR sine midlar er offentlege midlar, og er såleis omfatta av støttereglane. Kjøp, sal og utleige av fast eigedom er økonomisk aktivitet, anten det er offentlege eller private som driv verksemda. VTN driv etter dette økonomisk aktivitet.

Ein økonomisk fordel frå VTR til VTN vil såleis vere omfatta av reglane om offentleg støtte. Dersom det blir gitt ulovleg offentleg støtte, er risikoen at støttemottakar må betale støtta attende til støttegivar, og på den måten risikere økonomiske vanskar eller konkurs.

Dersom VTR gir lån til VTN utan at dette skjer på marknadsvilkår, vil fordelen som VTN får ved det reknast som offentleg støtte. Til dømes dersom VTR gir lån som ein bank ikkje ville ha gitt, utan at dette blir kompensert gjennom høgre rente, krav om garanti eller liknande.

Dersom det er aktuelt for VTR å investere i VTN, vil ei investering i VTN måtte gjerast ut frå marknadsmesige vurderingar for ikkje å verte rekna som offentleg støtte. VTR må dokumentere ei vurdering av investeringa og forventningar om avkastning, slik ein annan investor ville ha gjort. Dersom VTR ikkje kan dokumentere at ei slik vurdering er gjort før investeringa, vil investeringa kunne bli vurdert som offentleg støtte.

Det er omfattande høve til å lovleg offentleg støtte, vi vil gjere kort greie for alternativa nedanfor.

3.1 Bagatellmessig støtte

Den mest kjende støtteordninga er høvet til å gi bagatellmessig støtte. Slik støtte kan ein gi utan notifisering til ESA. Støttebeløpet skal definerast på førehand, og det skal hentast inn eigenerklæring frå støttemottakar om kva støttemottakar har fått av anna offentleg støtte frå andre støttegivarar dei tre siste åra. Støttemottakar skal gjerast kjend med at han får bagatellmessig støtte. Støttebeløpet skal vere berekna og spesifisert på førehand, og samla offentleg støtte frå alle støttegivarar kan utgjere 200 000 euro over tre år.

Meir informasjon om bagatellmessig støtte finst her:
https://www.regjeringen.no/nb/tema/naringsliv/konkurransepolitikk/regler-om-offentlig-stotte-listeside/offentlig-stotte-generell-innforing-i-re/offentlig-stotte-bagatellmessig-stotte/id430124/

3.2 Tenester av allmenn økonomisk betydning

EØS-avtalen artikkel 59 nr. 2 gir høve til å gi offentlig støtte dersom det er naudsynt for å få utført oppgåver av «allmenn økonomisk betydning». Det er høve til å gi inntil 15 millionar euro i støtte/kompensasjon per år, uten å notifisere ESA, dersom bestemte vilkår er oppfylt.[1]

Tenester av allmenn økonomisk betydning er tenester som styresmaktene meiner er særlig viktige for innbyggarane, men som det ikkje er god nok marknad for at nokon vil tilby. Styresmaktene kan pålegge verksemder gjennom regelverk eller avtale å gi slike tenester eller sette i verk tiltak for å nå slike målsetningar, mot ein kompensasjon. Typiske formål med slik støtte er noko infrastruktur og tiltak som kan ivareta grunnleggande sosiale formål. Vi ser ikkje at næringsbygg er klart innanfor dei tiltaka som vert rekna som tenester av allmenn økonomisk betydning.

Dersom ein gir bagatellmessig støtte til tenester av allmenn økonomisk betydning, så er beløpsgrensa 500 000 euro over tre år.

3.3 Gruppeunntak

Forordninga om gruppeunntak er innført i norsk rett ved forskrift av 14. november 2008 nr. 1213 om unntak fra notifikasjonsplikt for offentlig støtte, sist endra 30. juni 2014.[2] Endringane som er i kraft frå 1. juli 2014, gjer det enklare å tildele offentleg støtte med høge støttebeløp enn før.

---

[1] Forskrift av 14. november 2008 nr. 1213 om unntak fra notifikasjonsplikt for offentlig støtte

[2] https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-11-14-1213

Det mest relevante grunnlaget for VTR, dersom ein ynskjer å gi støtte til VTN, er å nytte eit av gruppeunntaka. Kommunane i Vest-Telemark er støtteberettiga område. Det som difor står fram som mest relevant gruppeunntak, er regional investerings- eller driftsstøtte, jf. art. 14 nr. 4 a) og 15 i forordninga om gruppeunntak.[3]

VTR har truleg høve til å gi offentleg støtte utan notifisering til ESA etter gruppeunntak (mest relevant er regional investeringsstønad).

Grunna den korte fristen for denne utgreiinga gjer vi ikkje vidare greie for vilkår og framgangsmåte no men kan gjere det dersom det er aktuelt.

4 Oppsummering

Vår vurdering er at gjeldande vedtekter til VTR er til hinder for at VTR kan gå inn i VTN med investering eller lån på marknadsmessig grunnlag.

VTR har ikkje høve til å gi økonomiske garantiar til VTN, jf. kommunelova § 51.

VTR har truleg høve til å gi offentleg støtte etter gruppeunntak om regional investeringsstønad, jf. forskriften om unntak frå notifikasjonsplikt for offentlig støtte og EU-forordning nr. 651/2014 art. 14.

[3] https://www.regjeringen.no/nb/tema/kommuner-og-regioner/regional--og-distriktspolitikk/det-distriktspolitiske-virkeomradet/id2350764/

NOTAT

Finansiering av framtidige Næringshagar i Vest-Telemark

Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN AS) har pr. 31.12.2013 ein bokført eigenkapital på kr. 30.638.197,-

Denne eigenkapitalen er plassert med kr. 21.390.140 i bygg og i aksjar kr. 10.197.579

Langsiktig gjeld var på kr. 1.762.496.

VTN AS har investert langsiktig i fylgjande aksjeselskap:

Vest-Telemark Næringspark AS	kr. 7.510.189
FN Eigedom AS (Fyresdal Næringshage)	kr. 2.000.140
Kviteseid Vekst AS	kr. 517.000
Telemark Bilruter AS	kr. 225.000

VTN AS har gjeve tilsagn om aksjeinvestering i

Vest-Telemark Teknologipark AS	kr. 7.000.000

For å finansiere desse investeringane har VTN AS teke opp eit banklån på kr. 9 mill.

Vidare framover:

VTN AS ser næringshageprosjekta som særs viktig i det framtidig næringsutviklingsarbeidet i regionen.

VTN AS er blitt presentert for interessante næringshageprosjekt i Tokke og Seljord som inneber ei investering frå VTN AS si side på kr. 5 – 10 mill. for at prosjekta kan realiserast. Vidare har Vinje og Nissedal kommune teke kontakt med sikte på realisering av næringshagar.

VTN AS har pr. 31.12.2014 ikkje midlar å sette inn i desse næringshageprosjekta. Ein reknar at det er uråd å få auke banklåna utover dei 9 mill. ein har fått tilsagn om.

Utfordringa for VTN AS er korleis skaffe kapital til utvikling av næringshagar i Vest-Telemark?

To vegar å gå for VTN AS for å skaffe meir kapital målretta til investering i næringshageprosjekta:

Aksjeutviding retta mot eksisterande og nye aksjonærar, både kommunar og private investorar .

Låne midlar frå Grunnfondet til Vest-Telemarkrådet. Her er det om lag 10 mill. som ikkje er nytta og heller ikkje kjente planar for å nytte. VTN AS kan låne midlane mot å betale ei rente på 0,5% over bankrenta. Midlane skal nyttast til investeringar i nye næringshageprosjekt i Vest- Telemark og nedbetalast over 20 år med 5 års avdragsfri periode. Dette inneber at midlane ikkje er eit tilskot til VTN AS ,men ein finansiell plassering frå rådets side målretta mot framtidig næringsutvikling i regionen.

Kviteseid 13.02.2015

Haldor Kaasin

Møtekalender 2015 for Vest - Telemarkrådet og AU.

Tysdag 27. januar	Arbeidsutvalet
Tysdag 10. februar	Rådsmøte
Torsdag 5. februar	Vest-Telemarkkonferansen Quality Straand Hotel
Tysdag 3. mars	Arbeidsutvalet
Tysdag 17. mars	Rådsmøte
Tysdag 28. april	**Møte i Tinget**
Tysdag 12. mai	Arbeidsutvalet
Tysdag 26. mai	Rådsmøte
Tysdag 11. august	Arbeidsutvalet
Tysdag 25. august	Rådsmøte
Tysdag 6. oktober	Arbeidsutvalet
Tysdag 20. oktober	Rådsmøte
Tysdag 10. november	Arbeidsutvalet
Tysdag 24. november	Rådsmøte
Tysdag 1. desember	**Møte i Tinget**

Godkjent i rådsmøte 21. oktober 2014

VEDTEKTER FOR VEST-TELEMARKRÅDET.
(Vedteke i møte i Vest-Telemarktinget 13. desember 2011)

Kapittel 1: Formål, medlemskap og vedtekter

§ 1 Geografisk omfang
Vest-Telemarkrådet er eit regionalt organ der kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje er med. Regionrådet er oppretta med heimel i kommunelova § 27.

§ 2 Formål
Vest-Telemarkrådet skal vere eit samarbeidsorgan for dei deltakande kommunane på alle område og alle plan, og skal vere eit organ for løysing av felles spørsmål og oppgåver for dei same kommunane.

§ 3 Styringsorgan
Vest-Telemarkrådet har to styringsorgan. Det eine er Tinget, som er nærare omhandla i kapittel 2. Det andre er Rådet, som er omhandla i kapittel 3.

§ 4 Medlemskap, utmelding, oppløysing
Kommunestyret i den einskilde kommune gjer vedtak om deltaking i Vest-Telemarkrådet og godtar med det vedtektene for dette.
Viss ein kommune ynskjer å gå ut av Rådet, må kommunestyret gjere vedtak om dette. Ein kommune har rett til å seie opp sitt medlemskap med eitt års varsel.
Rådet skal oppløysast når kommunestyra i eit fleirtal av medlemskommunane har gjort vedtak om dette. Regionrådet skal då avviklast. Når avviklinga er ferdig skal attståande midlar betalast attende til kommunane i same forhold som det er gjort innbetaling.

§ 5 Endring av vedtektene
Medlemskommunar og medlemer av Vest-Telemarkrådet kan kome med framlegg til endring av vedtektene. Slike framlegg må sendast Rådet, som sender framlegget med si førebels innstilling til medlemskommunane til uttale. Framlegget med endeleg innstilling frå Rådet skal leggast fram for Tinget. Vedtak i Tinget om vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal.
Framlegg til vedtektsendringar skal handsamast av Tinget så snart det er praktisk mogleg, men på grunn av sakshandsaming ikkje tidlegare enn 3 månader etter dato for framlegging.
Vest-Telemarkrådet kan la ein kommune velje mellom å godkjenne føreslege vedtektsendring eller å gå ut av regionrådet utan vanleg oppseiingstid.

§ 6 Arbeidsoppgåver
Rådet skal for kvart år utarbeide forslag til arbeidsprogram for komande år, og legge denne fram for Tinget saman med budsjett for same periode. Dette arbeidsprogrammet kan også innehalde saker og tiltak som krev arbeid over fleire år.
Rådet skal freiste å ivareta ein god dialog med næringslivet i regionen.
Tinget vedtek arbeidsprogram, og denne skal vere retningsgjevande for Rådet sitt arbeid. Rådet har likevel rett til å endre prioriteringane når spesielle tilhøve gjer dette nødvendig eller ynskjeleg.

Kapittel 2: Tinget

§ 7 Samansetjing av Tinget
Ordførar, varaordførar, 1 anna kommunestyremedlem og rådmann i dei deltakande kommunane utgjer medlemene av Tinget. Det blir oppnemnt personlege vararepresentantar. Valperioden for Tinget fylgjer kommunevalperioden.
Regionordførar er også leiar for Tinget.

§ 8 Verksemda i Tinget
Tinget kjem saman minst to gonger i året. Fyrste møte skal normalt haldast i juni. Tinget kjem saman når eit fleirtal i Rådet fastset det, eller når Regionordførar eller minst to av medlemskommunane krev det. Innkallinga til tingmøtet skal vere skriftleg og skal sendast med minst 14 dagars varsel og skal innehalde oppgåve over dei sakene som skal handsamast. Tinget gjer sine vedtak i møte leia av Regionordførar eller av Regionvaraordførar når ordføraren har forfall. Viss ingen av desse er med i møtet, vel Tinget ein møteleiar for møtet. Vedtak i Tinget blir gjort med vanleg fleirtal og er gyldig når minst 50% av medlemene/varamedlemene møter og har røysta i den aktuelle saka. Ved likt stemmetal gjer møteleiaren si røyst utslaget.

§ 9 Tingets ansvar
1. Godkjenning av arbeidsprogram og budsjett
2. Godkjenning av årsmelding og rekneskap
3. Fastsetting av godtgjering og liknande
4. Handsame forslag til vedtektsendringar
5. Val
6. Handsame andre saker etter vedtak i Rådet

Kapitel 3: Rådet

§ 10 Rådet
Ordførarane i dei deltakande kommunane utgjer Rådet, med varaordførarane som personlege vararepresentantar. Rådet skal stå for den daglege drifta i samarbeid med sekretariatet, og i samsvar med vedtekne arbeidsoppgåver.
Leiar og nestleiar i Rådet blir vald av Tinget for 2 år av gongen. Tittelen for desse tillitsvalde er Regionordførar for Vest-Telemark og Regionvaraordførar for Vest-Telemark.
Rådmennene har møte- og talerett i Rådet.
Rådet kan oppnemne underutval eller liknande til å arbeide med fullmakt frå Rådet.

§ 11 Om avstemning og vetorett
Kvart medlem av Rådet har vetorett med omsyn til om ei sak skal handsamast i Rådet. Viss vetoretten blir nytta, skal saka trekkast frå vidare handsaming. Det skal tungtvegande grunnar til for å nytte vetoretten, og bruken skal grunngjevast i kvart tilfelle.
Vedtak i saker som Rådet handsamar blir gjort med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal gjer møteleiarens røyst utslaget.

§ 12 Verksemda i Rådet
Regionordføraren er ansvarleg for at verksemda i Vest-Telemarkrådet føregår i samsvar med vedtektene og god forvaltningsskikk. Regionordføraren skal sjå til at det kvart år blir utarbeidd årsmelding med rekneskap for verksemda i regionrådet. Denne skal sendast dei same som får tilsendt møteprotokoll.

Kapitel 4 Administrasjon, økonomi

§ 13 Sekretariat/administrasjon
Rådet har høve til å engasjere/tilsette sekretær/dagleg leiar og anna naudsynt hjelp innafor vedteken arbeidsplan og budsjett, eller å kjøpe sekretariatstenester.

§ 14 Budsjett, finansiering
Tinget vedtek etter forslag frå Rådet kvart år eige budsjett.
Etter vedtak i Telemark Fylkesting dekker Telemark Utviklingsfond ein del av kommunanes årlege utgifter til det regionale samarbeidet. Tilsvarande beløp vert dekt av dei 6 kommunane etter slik fordeling:50 % fordelast med like beløp på dei 6 kommunane, medan resterande 50 % vert fordelt etter folketalet i kommunane.
Deltakarkommunane skal ikkje gjere innskott i Vest-Telemarkrådet i samband med at Rådet blir organisera etter kommunelovas § 27. Vest-Telemarkrådet har ikkje høve til å ta opp lån utan særskild godkjenning av deltakarkommunane.

§ 15 Rekneskap og forvaltning
Rådet er ansvarleg for rekneskapsføringa og forvaltninga av midlane til regionrådet.

§ 16 Godtgjering og kostnadsdekking for tillitsvalde
Tinget skal i samband med budsjetthandsaming fastsetje godtgjering til Regionordførar, Regionvaraordførar og rådsmedlemer.
Reiseutgifter i samband med møta i Tinget og Rådet dekkast av den einskilde kommune.

§ 17 Informasjonsarbeid
Sakliste og møtereferat til rådsmøte og møte i Tinget skal sendast alle faste medlemer og varamedlemer til dei styrande organa. Det same materialet skal sendast gruppeleiarane for dei politiske partia i medlemskommunane.
Styrande organ og administrasjon skal syte for eit aktivt informasjonsarbeid til publikum om arbeidet i regionrådet. Offentleggjering av saker og vedtak fylgjer same lovregulering som gjeld for kommunane.
Dokumenta til Vest-Telemarkrådet skal oppbevarast forsvarleg og i samsvar med reglane i arkivlova.

Sak 16/2015 Søknad til Byregionprogrammet (fase 2)

Bakgrunn.

Utviklingsprogrammet for byregionar (ByR) skal bidra til å styrke vekstkraft for byregionane som er med i programmet, og til auka kunnskap om samspelet mellom by og omland. Vest-Telemark valde å stå utanfor fase 1 av programmet, men har hatt ein søknadsprosess for fase 2. Dei øvrige regionanen i Telemark samt andre samanliknbare regionar gjer det same. For programperioden 2015-2017 er det lyst ut 91,5 mill kroner i programløyving. Søknaden skal forankrast med funn i ei samfunnsanalyse. Søknaden fremmast formelt av ein søkarkommune. Søknadsfrist er 1. mai 2015. (For nærmare info om programmet sjå lenke 1 og 2).

Vest-Telemarkrådet vedtok å sette i verk eit forstudie i rådsmøte 21. oktober 2014 (lenke 6).

Resultatmål for forstudiet
Føre til at Vest-Telemark blir deltakar i byregion-programmet og får finansiering til gjennomføring av tiltak.

Organisering og innvolverte
PE: Vest-Telemarkrådet, PA: Regionordførar Jon Svardal, PL: Ole Dalen
Arbeidsgruppe: Kjell Gunnar Heggenes, Hans Kristian Lehmann, Kristin Person
Olav A. Veum i VTNF vart i slutten av februar 2015 engasjert for å få tilstrekkeleg arbeidskapasitet i arbeidet.
Lene Hennum i TFK er tilknytta arbeidet, og bidrar også ovanfor øvrige regionar i Telemark på samme sak.

Kommunane har fastsett fylgjande kontaktpersonar knytt til søknaden og arbeidet med ByR:

Kommune	**Navn**	**Tittel**
Fyresdal	Edvard Nesland	Næringssjef
Nissedal	Kari Olstad	Næringskonsulent
Tokke	Gunhild Austjord	Plan- og næringssjef
Vinje	Gry Åsne Wienenga	Plan- og økonomisjef
Seljord	Frid Berge	Plansjef
Kviteseid	Elisabeth Lid	Næringssjef

Status
Forstudiet er gjennomført, og Tokke kommune vil stå som søkarkommune. Det vert halde møte 29. april for å systematisere og implementere justeringar før innsending av søknad 30. april.

Søknadstema/problemstilling/arbeidsmål
Samfunnsanalyse tar utgangspunkt i ei hypotese om utvikling av regionen Vest-Telemark gjennom ein fleirkjernestruktur i tett tilknytning til eksisterande eller planlagte næringshagemiljø i alle kommunanen. Hovudmålet for ByR i Vest-Telemark blir å utvikle ein velfungerande sentrum/periferistruktur, med utgangspunkt i regionens næringshagar gjennom spesialisering av fagmiljø og kopling mellom næringsliv og offentleg sektor. Arbeidet tar ikkje utgangspunkt i eitt sentrum med tilhøyrande omland, men samvirket mellom fleire sjølvstendige sentrum i regionen.

Prosess
- Arbeid med samfunnsanalyse. Klargjere innhald i søknad (herunder prosjektaktivitetar, organisering, kostnadsvurdering og finansieringsplan) ferdig 15. April.
- Dialog / dialogmøte med einskilde kommunar gjennomførast snarast råd for å forankre vidare prosess og avklare deltaking. Førebels analyse leggast til grunn (status: alle kommunane har framsett sine kontaktpersonar)
- Handsaming i VTR 24. april 2015 under føresetnad om endeleg politisk handsaming og forankring i den einskilde kommune (vi har fått aksept for at desse kan kome i etterkant av handsaming men må være klare før sommar 2015).
- Fellesmøte for å kvalitetssikre søknad og prosjektplan for deltaking i ByR 29. april.
- Innsending av søknad 1. mai.
- Handsaming i kommunane er ferdig 13. mai

Samandrag – handlingspunkt
Arbeidet mogleggjer finansiering av utviklingsarbeid i regionen gjennom programmet frå KMD. ByR yter inntil 50 % finansiering – øvrig medfinansiering leggast inn i form av kommunanens/regionens eigeninnsats knytta til temaet (eksisterande og pågåande initiativ). Kommunane vil ikkje få krav om økonomiske bidrag for å delta i prosjektet utover det dei jobbar med i dag. Alle må delta aktivt i arbeidet, og den kommunale deltakinga er synleggjort i prosjektplanen.

Det er ikkje eit krav at alle VT kommunar deltek – men dette er ei klar målsetting. Nissedal er einaste kommune som har handsama saka politisk (i formannskapsmøte 16. April). Alle kommunane er positive til å delta, og har fylgjande plan for politisk handsaming:

Kommune	**Dato**	**Notat**
Nissedal	16. april	Vedteke i formannskapet
Kviteseid	22. april	Formannskapet
Vinje	30. april	Formannskapet
Fyresdal	4. mai	Formannskapet
Seljord	7. mai	Kjører to løp, med endeleg handsaming i kommunestyret 7. mai (oppe i formannskapsmøtet 16. april)
Tokke	13. mai	Tokke vil stå som søkerkommune. Neste formannskapsmøte 13. mai.

Forslag til vedtak

Vest-Telemarkrådet går inn for å sende søknad til "Utviklingsprogrammet for byregionar (ByR)" på grunnlag av samfunnsanalyse og prosjektplan for Vest-Telemark som er utforma i tråd med det gjennomførte forstudiet.

Tokke kommune er søkarkommune, og det planlagte arbeidet vert organisert gjennom Vest-Telemarkrådets administrasjon.

Arbeidsgruppa med kontaktpersonar frå kommunane får mandat til å justere søknaden i fellesskap før den sendast inn.

Vedlagte lenker

1. Prosjektplan for Vest-Telemark (grunnlag for søknaden)
2. Samfunnsanalyse for Vest-Telemark
3. Sluttraport for forstuide (ettersendast)
4. Distriktssenteret - omtale av ByR fase 2
5. Utlysningstekst KMD ByR fase 2
6. Prosjektskisse - Forstudie Vest-Telemark - ByR

Sak 17/2015 Saker til møtet med Telemarksbenken 13. mai

Bakgrunn.
Som det går fram av den vedlagte mailutvekslinga har Vest-Telemarkrådet fått avtale om å møte Telemarksbenken på Stortinget **onsdag 13. mai 2015 kl. 17.30 - 19.00.**
Det ligg ikkje an til felles møte med Midt-Telemarkrådet då midt-telemarkingane har fått avtale ein annan dato.

Vi må melde inn antal deltakarar frå vår side, og førebels har vi fått sikker påmelding frå Halvor Homme, Torstein Tveito og Jon Svartdal. Vi legg opp til å avklare dette på rådsmøtet og foreslår også at Kjell Solheim frå Statens vegvesen og Børge Skårdal frå E134 Haukelivegen AS blir med på møtet.

Det må også meldast inn kva for tema vi ynskjer å ta opp.
Vi har innleiingsvis meldt inn E134/korridorsaken og legg opp til å drøfte andre aktuelle saker på møtet 24. april.
Vi peikar på saken omkring postomberinga og den nye postloven som har vore på høyring og som kan vera aktuell å fylgje opp 13. mai.

På rådsmøtet tek vi også opp det praktiske i høve til transport, mogleg overnatting osb.

Sendt fra min iPhone

Den 25. mar. 2015 kl. 14.08 skrev Aasland Terje <terje.aasland@stortinget.no>:
Flott

Med vennlig hilsen

Terje Aasland
Stortingsrepresentant, Arbeiderpartiet
Member of Parliament, Labour Party
Første nestleder Energi- og Miljøkomiteen
The Standing Committee on Energy and the Environment

terje.aasland@stortinget.no
Mobilephone : +47 91 57 78 24
www.arbeiderpartiet.no
@terjeaa

Då stadfestar vi møte med dykk 13. Mai og må få lov å kome attende til antal deltakarar frå vår side.
Vi takkar for velvilje og ynskjer rektig god påske.
Vanleg Helsing
Vest-Telemarkrådet
Kjell Gunnar Heggenes

Til Rådets medlemmer

Her kjem svar frå Terje Lien Aasland i høve møte mellom Telemarksbenken og Vest-Telemarkrådet.
Som de ser er Vest-Telemarkrådet velkomne, og aktuell dato er sett til onsdag 13. mai kl 17.30 – 19.00.
Eit slikt møte kan så vidt eg forstår også innebere felles middag/uformelle samtaler/mogleg overnatting ?

Fint om de melder attende tolleg raskt om datoen høver, samt moglege forslag til tema på møtet og synspunkt på funderingane rundt det å nytte høvet til ein uformell bolk om kvelden.

Når det gjeld tema, er som kjent E134/korridorsaken nemnt i vårt innleiande brev, og vi kan sikkert kome tilbake til ei meir utfyllande og eksakt liste etterkvart.(men kanskje ikkje altfor mange saker heller)

Midt-Telemarkrådet har også meldt ynskje om eit møte med Telemarksbenken og har peika på moglegheitene for å ha dette saman med oss.
Dette er ikkje nemnt frå Aaslands side,men kan truleg vera aktuelt ?

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet
Kjell Gunnar Heggenes

Fra: Kjell Gunnar Heggenes [mailto:kgh@vest-telemark.no] **Sendt:** 25. mars 2015 12:43 **Til:** Aasland Terje **Kopi:** Jon Svartdal **Emne:** Re: SV: Mogleg møte

Hei og takk for tilbakemelding med forslag til dato.
Da tar vi ein rask runde internt og melder tilbake.
Helsing
Kjell Gunnar Heggenes

Den 25. mar. 2015 kl. 09.01 skrev Aasland Terje <terje.aasland@stortinget.no>:
Hei Kjell Gunnar

Beklager at dette har tatt tid, men vi vil gjerne ha et møte med dere og foreslår onsdag 13 mai kl. 1730-1900 her i Stortinget.

Kan dette passe for dere?

Med vennlig hilsen
Terje Aasland
Stortingsrepresentant, Arbeiderpartiet
Member of Parliament, Labour Party
Første nestleder Energi- og Miljøkomiteen
The Standing Committee on Energy and the Environment

Fra: Kjell Gunnar Heggenes [mailto:kgh@vest-telemark.no] **Sendt:** 10. februar 2015 12:26 **Til:** Aasland Terje **Kopi:** Jon Svartdal **Emne:** Mogleg møte

Til Terje Lien Aasland

Mogleg møte mellom Telemarksbenken og Vest-Telemarkrådet

Vi tar no ein innleiande runde med ynskje om få til eit møte mellom Telemarksbenken og Vest-Telemarkrådet.
Vest-Telemarkrådet består som kjent av ordførarane og rådmennene i dei 6 Vest-Telemarkkommunane.
Møtet kan gjerne finne stad i perioden mars - april, og vi er i denne omgang ute etter å få nokre datoar vi kan gå vidare med.

Vi vil gjerne kome nærare tilbake til kva tema som skal drøftast, men legg til grunn at E134 og korridorsaken er eit sjølsagt tema.
Vi ser fram til vidare dialog om eit slik møte.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet
Kjell Gunnar Heggenes
Regionrådsleiar

Hei,

Her er den eposten jeg sendte Terje Lien Aasland. Aktuelle temaer frå Midt-Telemark:

Rv36/ E134
Såkornfond
Politireformen
Kommunereformen
Kommuneøkonomi (gjelder særlig Nome og RDA midler)
Utflytting av statlige arbeidsplasser
Jernbane

Som du ser blir det fort et to-dagers møte!! Jeg purrer opp via Solveig og vi holder kontakten om dette.

Mvh

Hans Kr.

Fra: Hans Kristian Lehmann **Sendt:** 18. februar 2015 08:39 **Til:** 'terje.aasland@stortinget.no' **Emne:** Møte med Midt-Telemarkrådet

Hei,

Jeg er fram til sommeren engasjert som sekretariatsleder i Midt-Telemarkrådet og har fått i oppdrag av regionrådsordføreren Bjørg Tveito Lundefaret å be om et møte med Telemarksbenken en gang i løpet av april. Jeg vet at Vest-Telemark har bedt om det samme og for oss er det ikke noe problem å ha felles møte. Jeg regner med at deltakerne fra vår side blir ordførere og rådmenn og trolig undertegnede. Vi tilpasser oss den dagen som måtte passe for dere og saklista kommer vi tilbake til.

Håper det er mulig å få dette til!

Mvh

Hans Kristian Lehmann
Sekretariatsleder
Midt-Telemarkrådet
Hans.Kristian.Lehmann@midt-telemark.no
Tlf 970 53 367

Sak 18/2015 Kommunereformen - status og vidare arbeid

Bakgrunn.
I møte 17. mars 2015 fekk Vest-Telemarkrådet ei oppsummering om prosessen rundt kommunereformen så langt, herunder oversikt over vedtaka i dei enkelte kommunane. Vedtaka inneber at saken om mogleg forprosjekt må opp til ny handsaming i dei enkelte kommunestyra, og at desse møta er ferdig gjennomført 23. april.
På møtet 17. mars vart det vidare orientert om at det er lyst ut tilbodskonkurranse om å knyte til seg eit rådgjevingsmiljø med høg kompetanse og erfaring i høve til kommunereformen, og at konkurransen er lyst ut med atterhald om vedtak i kommunane om gjennomføring av forprosjektet.

I samband med tilbodskonkurransen har Innkjøpskontoret AS blitt engasjert til å stå for den merkantile delen av arbeidet, medan administrasjonen i Vest-Telemarkrådet ilag med rådmannskollegiet har koordinert prosessen og stått for intervju og endeleg val av leverandør.

Det kom inn 8 tilbod i samband med utlysinga, og 3 av desse vart valt ut til nærare intervju og endeleg vurdering.
I møte 27. mars mellom Innkjøpskontoret, rådmennene og administrasjonen i VTR vart Telemarksforsking AS valt som leverandør av desse tenestene.

Telemarksforsking skal levere hovudomfanget av delrapportane etter nærare tinging frå oppdragsgjevar. Delrapportane skal danne grunnlaget for forprosjektrapporten, og leverandøren skal knyte dei enkelte delane av oppdraget saman til ein konkluderande rapport i høve til kva som er mest fordelaktig for kommunane. Leverandøren skal i tillegg bistå med kvalitetssikring, vera sparringspartner for prosjektleiinga, bistå med medierådgjeving samt sikre forståing og involvering frå innbyggarane i regionen.

I samband med utlysinga er det teke atterhald om omfanget av utgreiingane, og det er opning for å hente inn spesialkompetanse frå andre enn leverandøren.

Oppdragsgjevar har også vore tydeleg på at forprosjektrapporten skal innehalde ein konklusjon med kva som er den beste løysinga for regionen.
Deltakarkommunane skal involverast for å finne fram til den beste løysinga gjennom drøfting og analyse av dei 5 faglege områda som skal greiast ut.

Desse er*: Økonomi, tenester, myndigheitsutøving/overordna styring, samfunnsutvikling og demokrati*.
Med atterhald om vedtak i dei enkelte kommunane ser ein for seg at forprosjektet vert starta opp i slutten av april og at prosjektperioden varer til mai 2016.

På rådsmøtet 24. april vil prosjektleiinga orientere nærare om prosessen sidan forrige møte og korleis ein ser for seg det komande arbeidet. Rådgjevar Bent Aslak Brandtzæg frå Telemarksforsking vil vera tilstades og svare på moglege spørsmål.

Vidare framdrift for kommunereformen er skissert på neste side:

Tidspunkt	Hending
April 2015	Oppstart av forprosjektet
Våren 2015	Regjeringa tek sikte på å legge fram ei melding til Stortinget våren 2015 med forslag til nye oppgåver til robuste kommunar.
September 2015	Kommuneval
Mai 2016	Forprosjekt ferdig - handsaming i Vest-Telemarkrådet
Mai/ juni 2016	Kommunestyret fattar vedtak om kommunestruktur
Juni 2016	Fylkesmannen oppsummerer situasjonen i Telemark og kjem med tilråding til departementet
Våren 2017	Regjeringa kjem med proposisjon om ny kommunestruktur
Juni 2017	Stortinget gjer vedtak om ny kommunestruktur
September 2017	Stortingsval
Hausten 2017	Oppstart av hovudprosjekt
Sommaren 2019	Hovudprosjekt ferdig
September 2019	Kommuneval for evt. ny kommune
1. januar 2020	Eventuelt ny kommunestruktur vert iverksett

Forslag til vedtak:
Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.